



FISKERIDIREKTORATET

Tilsynskampanje - Miljømessig forsvarleg bruk
av legemiddel

Spørjeundersøking etter gjennomført tilsynskampanje

Notat

Spørjeundersøking etter gjennomført tilsynskampanje

Arstal	Ansvarleg avdeling:	Emneord:
[ÅÅÅÅ]	Kyst- og havbruksavdelinga	Tilsyn, legemiddel, miljø
Arkivsaksnummer:	Dato utgitt:	Totalt tal sider:
19/8035	20.07.21	7
Saksansvarleg:	ISSN/ISSB:	
Anne-Marie Colban	[ISSN/ISSB]	

Oppsummering av spørjeundersøking etter gjennomført tilsynskampanje

Samandrag

I 2020 hadde Fiskeridirektoratet ein tilsynskampanje med mål om å undersøke om verksemndene gjennom sine internkontrollsistem sikrar miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel. Etter kampanjepersonen var avslutta sende vi ut ei spørjeundersøking med formål om å få tilbakemelding om korleis verksemndene vurderte nytteverdien av tilsynet, og om tilsynet ført til forbettingsarbeid i verksemda. Spørjeundersøkinga blei sendt ut til alle dei 21 verksemndene som fekk tilsyn under kampanjepersonen, av desse var det 12 verksemder som svarte. Samla sett tyder tilbakemeldingane på at verksemndene opplevde tilsyna som nyttige. Tilbakemeldingane viser også at tilsyna i stor grad har ført til forbettingsarbeid i verksemndene.

Resultata frå spørjeundersøkinga samsvarar godt med vår eiga evaluering av tilsynskampanjen. I vår eigen evaluatingsrapporten blei det lagt vekt på å trekke ut lærdom og forslag til vidare tiltak, og det blei satt opp ei liste med ti konkrete forslag til kva Fiskeridirektoratet kan gjere for å utvikle tilsynet med akvakulturnæringa. Tiltaka som er foreslått i evaluatingsrapporten vil vere ei god oppfølging også i høve tilbakemeldingane vi fekk i denne spørjeundersøkinga. Tilbakemeldingane vi fekk i spørjeundersøkinga knytt til spørsmålet vårt om å kommunisere ut og avklare forventingar i forkant av tilsynskampanjen, viser at det er viktig å gjere ein heilskapleg vurdering av korleis vi vil kommunisere ut informasjon om tilsyn. I tillegg til oppfølginga som følgjer frå evaluatingsrapporten for tilsynskampanjen, foreslår vi derfor at vi ved nye tilsynskampanjar vurderer nøye korleis vi vil informere om tilsynet og krava i regelverket.



Notat

Oppsummering av spørjeundersøking etter gjennomført tilsynskampanje

Innhald

1. Bakgrunn	2
2. Om undersøkinga	2
3. Resultat.....	2
3.1. Tema for tilsynet.....	2
3.2. Å avklare forventingar	3
3.3. Gjennomføring	3
3.4. Ny kunnskap.....	4
3.5. Relevante spørsmål.....	4
3.6. Effektar i form av forbettingsarbeid og endringar i internkontrollsyste.....	4
3.7. Andre kommentarar.....	5
4. Oppsummering	5

1. Bakgrunn

I 2020 hadde Fiskeridirektoratet ein tilsynskampanje med mål om å undersøke om verksemdene gjennom sine internkontrollsysteem sikrar miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel. Vi gjennomførte 22 tilsyn i kampanjepериодen, noko som gav totalt 70 avvik og 23 forbetningspunkt. Tilsynet avdekte sju tilfelle med klare brot på forbodet mot å sleppe ut legemiddel nærmere enn 500 meter frå rekefelt og gytefelt. Resultata frå tilsynskampanjen er summert opp i evalueringsrapporten «*Tilsyn 2020 - Miljøpåverknad frå legemiddel*».

Som eit ledd i oppfølginga av kampanjen sendte vi òg ut ei spørjeundersøking til verksemdene som hadde hatt tilsyn. Formålet med spørjeundersøkinga var å få tilbakemelding om korleis verksemdene vurderte nytteverdien av tilsynet, og om tilsynet førte til forbetningsarbeid i verksemda.

2. Om undersøkinga

Spørjeundersøkinga var anonym, og svara blir ikkje kopla til den enskilde verksemda. Undersøkinga inneholdt åtte spørsmål med fire svaralternativ, i tillegg til at det kunne leggast til kommentarar.

Verksemdene skulle krysse av på ein skala frå 1-4 der 1 er därlegast og 4 er best, og med følgjande kategoriar:

1. Stemmer ikkje
2. Stemmer litt
3. Stemmer
4. Stemmer godt

Vi sende undersøkinga ut til 21 verksemder, og fekk svar frå 12. Dette utgjer ein svarprosent på ca 57 %. Vi vurderer svarprosenten som tilstrekkeleg til at vi kan trekke ut nokre generelle tendensar om korleis verksemdene oppfattar gjennomføringa og læringseffektane av tilsynet. Dette kan vere nyttige tilbakemeldingar til oss når vi gjer vurderingar av korleis vi innrettar og vidareutviklar tilsyna på akvakulturområdet.

3. Resultat

Vi vil vidare gjennomgå kvart av spørsmåla før vi summerer opp kva for læringspunkt vi kan ta med vidare i samband med utvikling av kommande tilsynskampanjar på akvakulturområdet.

3.1. Tema for tilsynet

Tema for legemiddelkampanjen var korleis verksemdene gjennom internkontroll sikrar miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel. Det første spørsmålet i spørjeundersøkinga var om verksemdene opplevde at dette var ei aktuell problemstilling for verksemda. Her svarte ti verksemder at dette stemmer eller stemmer godt. To verksemder svarte at dette stemmer litt.

Svara frå verksemdene tilseier at vi har treft godt med tema og problemstillingane vi valde ut til denne tilsynskampanjen. Vi legg for eigen vurdering til grunn at vi gjennom førebuinga av kampanjen og særleg konkretisering av krava til internkontroll på dette området,

tydeliggjer for verksemndene kva regelverket i praksis inneber. På denne måten vil vi kunne legge til rette for at verksemndene oppfattar tilsynskampanjane våre som relevante.

3.2. Å avklare forventingar

I forkant av tilsynet publiserte Fiskeridirektoratet informasjon om tilsynskampanjen på våre nettsider. Vi spurte verksemndene om dette var nyttig som eit ledd i å avklare forventingar og for å setje i gangs eit eventuelt forbettingsarbeid i verksemda. Det var seks verksemder som svarte at dette stemmer eller stemmer godt, medan tre svarte at dette stemmer litt. Av desse la to verksemder til kommentarar om at dei ikkje hadde lese eller sett nøyne gjennom informasjonen på førehand. Dei siste tre verksemndene svarte at det ikkje stemmer at informasjonen var nyttig som ledd i å avklare forventingar. Av desse var det lagt til kommentarar frå to verksemder om at dei ikkje fekk med seg denne informasjonen i forkant.

Tilbakemeldingane på spørsmåla kan tyde på at verksemndene som gjennomgår informasjonen vi har lagt ut på førehand finn denne nyttig. I tillegg kan tilbakemeldingane tilseie at vi bør leggje større vekt på å nå fram med slik informasjon dersom vi ønsker å oppmode verksemndene til å førebu seg og setje i gang forbettingsarbeid i forkant av tilsynet.

Fiskeridirektoratets nettside er ein sentral kommunikasjonskanal for akvakulturtilsynet. Her kan vi i tillegg få hjelp til utbreiing av informasjon om nye tilsynskampanjar dersom media plukkar opp saka. Dette skjedde til dømes då vil la ut nyhendemelding om årets tilsynskampanje om risikostyring ved avlusingsoperasjonar. Forbettingspunkt kan til dømes vere kvalitet på innhald i nyhendemelding, og arbeid for å gjere meldinga meir synleg. Vi kan òg vurdere å oppmode verksemda om å setje seg inn i informasjon på nettsida i varsel om tilsyn.

Tilbakemeldingane i denne spørjeundersøkinga kan tyde på at informasjonen via Fiskeridirektoratets nettside ikkje har vore tilstrekkeleg for å tydeleggjere for verksemndene kva vi legg vekt på i regelverket. Tilsyn med miljøpåverknad frå legemiddel er eit relativt nytt tilsynsområde for Fiskeridirektoratet. Det kan derfor ha ekstra god effekt å nå ut med informasjon til dei som er ansvarlege for forbettingsarbeid i verksemndene, slik at våre krav og forventingar innanfor dette tilsynsområdet kan inkluderast i internkontrollarbeidet på eit nivå og med ei detaljgrad som tilfredsstiller krava i regelverket. For enkelte tilsynskampanjar kan vi derfor vurdere om det er tenleg å kommunisere direkte, i god tid før tilsyn, med dei verksemndene som vil vere aktuelle for tilsyn.

3.3. Gjennomføring

Vi spurde verksemndene om gjennomføringa av tilsynet var i samsvar med det som var forventa på bakgrunn av informasjon gitt i forkant av tilsynet. Her svarte 9 verksemder at dette stemmer eller stemmer godt, medan tre verksemder svarte at dette stemmer litt.

Tilbakemeldingane kan gi oss ein peikepinn på korleis vi kommuniserer under tilsynet. Når gjennomføring av tilsynet er i samsvar med det vi har kommunisert ut på førehand både gjennom informasjon på nettsider, varsel om tilsyn og i dialog via e-post og telefon står vi fram som profesjonelle og samordna. Svara frå spørjeundersøkinga kan tilseie at vi i stor grad oppnår dette, men at det likevel er rom for forbeting.

3.4. Ny kunnskap

På spørsmål om tilsynet gav ny kunnskap om temaet internkontroll og forsvarleg bruk av legemiddel, svarte sju verksemder at dette stemmer eller stemmer godt. Det var fire verksemder som svarte at det stemmer litt, medan ei verksemd svarte at det ikkje stemte.

Det er forventa å få brei variasjon i svara frå verksemndene på dette spørsmålet. Temaet for tilsyn er basert på ein risikovurdering der vi mellom anna på bakgrunn av vår kjennskap til næringa gjennom tidlegare tilsyn vurderer at graden av kunnskap og modning, særleg når det gjeld internkontroll, varierer. Sjølv om verksemndene i utgangspunktet skal ha oversikt over krava i regelverket, er det derfor eit mål at vi gjennom tilsynet bidreg til auka kunnskap hjå verksemndene.

Tilbakemeldingane frå spørjeundersøkinga kan tyde på at vi i rimeleg stor grad oppnår dette målet. Vi veit likevel ikkje om bakgrunnen for svara i kategorien *stemmer litt eller stemmer ikkje*, er at verksemndene sjølv har god kunnskap om temaet eller om det var tilsynsmedarbeidarane som ikkje oppnådde å formidle den relevante informasjonen.

3.5. Relevante spørsmål

Som eit ledd i førebuinga av tilsynskampanjen var det med utgangspunkt i krava til miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel og internkontroll i regelverket utarbeidd ei kravliste med forslag til spørsmål. Kravpunkta og spørsmåla kunne dermed nyttast som utgangspunkt for ei konkret tilpassa sjekkliste for kvar einskild verksemd. Vi spurte verksemndene om spørsmåla dei fekk under tilsynet var treffande for problemstillingane i tilsynet. Sju verksemder svarte at dette stemmer eller stemmer godt, medan 5 verksemder svarte at dette stemmer litt.

På spørsmål om det var andre problemstillingar som tilsynet burde tatt opp under temaet miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel, svarte 6 verksemder at dette ikkje stemmer, medan fem verksemder svarte at dette stemmer litt. Berre ei verksemd svarte at dette stemmer.

Det var ikkje lagt til kommentarar på om spørsmåla var treffande eller om det var problemstillingar som mangla under tilsynet, men vi fekk tilbakemeldingar på at tilsynet var omfattande. Ei verksemd meinte at tilsynsmedarbeidaren var for oppteken av detaljar, men svarte samstundes at dei hadde lært mykje gjennom tilsynet.

På bakgrunn av svara og kommentarane legg vi til grunn at vi i denne tilsynskampanjen har treft rimelig godt med kravlista og forslag til spørsmål for å avdekke moglege brot på regelverket. Det relativt høge talet på verksemder som meinte at det berre stemte litt at spørsmåla var treffande og tilbakemeldinga om at spørsmåla i nokre tilfelle kunne vere omfattande og svært detaljerte, stemmer med vår eiga vurdering i evalueringssrapporten¹. Evalueringssrapporten foreslår som tiltak at kravlista skal justerast, og det er lagt opp til ein slik gjennomgang i september 2021. Det er vidare viktig at også kravlista med spørsmål vert tilpassa verksemda i kvart einskild tilsyn.

3.6. Effektar i form av forbettingsarbeid og endringar i internkontrollsyste

Vi spurde verksemndene om tilsynet har ført til forbettingsarbeid i verksemda. Her svarte sju verksemder at dette stemmer eller stemmer godt. Det var fire verksemder som svarte at dette stemmer litt, medan ei verksemd svarte at dette ikkje stemmer.

¹ Evalueringssrapport, Tilsyn 2020 - Miljøpåverknad frå legemiddel punkt 2.2.

På spørsmål om tilsyna har ført til endringar eller oppdateringar i internkontrollsystemet svarte seks verksemder at dette stemmer eller stemmer godt. Vidare svarte fire verksemder at det stemmer litt, og to svarte at det ikkje stemmer.

Vi ser det som positivt at tilsynskampanjen har ført til endringar i eit stor tal verksemder. Dette står også i høve til det relativt store omfanget av avvik som vart avdekt gjennom tilsynskampanjen². Sjølv om svara ikkje nødvendigvis er representative for alle verksemndene som fekk tilsyn, legg vi til grunn at også nokre av dei verksemndene som ikkje har svart på spørjeundersøkinga har satt i gang forbetningsarbeid og/eller oppdatert internkontrollsystemet etter tilsynet. Samla sett er det derfor vår vurdering at tilsynskampanjen har hatt god effekt når det gjeld å sjå til at verksemndene gjennom sin internkontroll sikrar miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel.

3.7. Andre kommentarar

Ei verksemd kommenterte at dei hadde lært mykje gjennom tilsynet fordi dei måtte gå i djupna på temaet slik at kompetansen i verksemda vart heva. Dei peiker likevel på at det er viktig at Fiskeridirektoratet legg opp til at verksemda skal klare å løyse oppgåvene i samband med tilsyn internt, og ikkje må leige inn andre selskap for å kunne oppfylle krava. Læringsutbytte for bedrifa blir størst dersom krava er lagt opp slik at dei som har det daglege arbeidet og ansvaret klarer å møte tilsynsfokuset. Dette vil gi ei intern kompetanseheving som er relevant for verksemda si drift.

Synspunktet som kjem fram i kommentaren er i samsvar med Fiskeridirektoratets mål for tilsyn. Det er ein balansegang å treffe slik at tilsynet vert tilstrekkeleg grundig og omfattande, men samtidig treffande og konkret nok til at det vil opplevast som relevant for verksemda. I nokre høve treff vi ikkje like godt. Ei døme på dette er ein kommentar frå ei verksemd som meinte at tilsynet etterspurde dokument og risikovurderingar som ikkje hadde praktisk relevans.

Vi merkar oss desse kommentarane slik at vi kan ha denne balansegangen for auge både når vi vidareutviklar dette tilsynstemaet og førebur nye tilsynskampanjar.

4. Oppsummering

I 2020 hadde Fiskeridirektoratet ein tilsynskampanje med mål om å undersøke om verksemndene gjennom sine internkontrollsystemet sikrar miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel. Etter kampanjepersonen var avslutta sende vi ut ei spørjeundersøking med formål om å få tilbakemelding om korleis verksemndene vurderte nytteverdien av tilsynet, og om tilsynet ført til forbetningsarbeid i verksemda.

Spørjeundersøkinga blei sendt ut til alle dei 21 verksemndene som fekk tilsyn under kampanjepersonen, av desse var det 12 verksemder som svarte. Samla sett tyder tilbakemeldingane på at verksemndene opplevde tilsyna som nyttige. Tilbakemeldingane viser også at tilsyna i stor grad har ført til forbetningsarbeid i verksemndene.

Resultata frå spørjeundersøkinga samsvarar godt med vår eiga evaluering av tilsynskampanjen. I vår eigen evaluatingsrapport blei det lagt vekt på å trekke ut lærdom og forslag til vidare tiltak, og det blei satt opp ei liste med ti konkrete forslag til kva Fiskeridirektoratet kan gjere for å utvikle tilsynet med akvakulturnæringa. Tiltaka som er

² Evaluatingsrapport, Tilsyn 2020 - Miljøpåverknad frå legemiddel punkt 3.

foreslått i evaluatingsrapporten vil vere ei god oppfølging også i høve tilbakemeldingane vi fekk i spørjeundersøkinga.

Tilbakemeldingane vi fekk i spørjeundersøkinga knytt til spørsmålet vårt om å kommunisere ut og avklare forventingar i forkant av tilsynskampanjar, viser at det er viktig å gjere ein heilskapleg vurdering av korleis vi vil kommunisere ut informasjon om tilsyn. I tillegg til oppfølginga som følgjer frå evaluatingsrapporten for tilsynskampanjen, foreslår vi derfor at vi ved nye tilsynskampanjar vurderer nøye korleis vi vil informere om tilsynet og krava i regelverket. Eit aktuelt tiltak i einskilde tilsynskampanjar kan mellom anna vere å kommunisere direkte med verksemndene som er aktuelle for tilsyn.



FISKERIDIREKTORATET

Telefon: 55 23 80 00
E-post: postmottak@fiskedir.no
Internett: www.fiskeridir.no

Livet i havet - vårt felles ansvar